



Saksframlegg

Sal av areal til EdgeConnex til etablering av trafostasjon

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		15.05.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg:

- 1 2025-05-07 Forespørsel om kjøp av eiendom - Fyresdal
- 2 Oversiktskart
- 3 Stadfesting frå Hugljufur Islandshestforening_rideaktivitet Molandsmoen
- 4 Arealbehov_Fleirbrukshall- hest og hund

Bakgrunn for saka:

EdgeConneX MCN Norway AS (ECX), via advokatfirmaet DLA Piper Norway AS, har sendt søknad til Fyresdal kommune om kjøp av kommunal eigedom. Den aktuelle eigedomen omfattar gnr./bnr. 38/33 og delar av gnr./bnr. 38/18, som vist på vedlagt kart. Totalt utgjør arealet om lag 23 dekar.

Formålet med kjøpet er å etablere ein transformatorstasjon som skal forsyne eit mogleg framtidig datasenter på Molandsmoen. I tillegg ønskjer ECX rett til å legge høgspenkablar og tilhøyrande infrastruktur over delar av gnr./bnr. 38/18. Dette arealet er i dag i hovudsak veg mellom det planlagde datasenterområdet og gnr./bnr. 38/33.

ECX har behov for å overta arealet innan utgangen av 2. kvartal 2026. For å kunne møte denne tidsfristen er det naudsynt å få avklart vilkår og vidareføre den gode dialogen med dagens brukarar av arealet.

Arealet er i dag i bruk av Hugljufur Islandshestforening sine aktivitetar. Det er viktig å kome fram til ei løysing som sikrar klubben tilgang til nytt areal og fasilitetar som tilfredsstiller deira behov og framtidsplanar.

Vurdering:

Saka er vurdert i lys av samfunnsdelen i kommuneplanen for Fyresdal kommune 2023–2035, der det heiter at kommunen skal legge til rette for næringsutvikling – blant anna gjennom å tilby næringstomter.

Førespurnaden frå ECX er i tråd med dette målet. Ei eventuell etablering av datasenter på Molandsmoen vil naturleg medføre behov for plassering av ein transformatorstasjon.

Lede AS, som er regionalnetteigar, har vurdert fleire moglege plasseringar for transformatorstasjonen. I samarbeid med ECX har dei konkludert med at det ikkje er ønskeleg å plassere stasjonen for nær bustadområdet på vestsida av Molandsmoen. Det er og miljømessig og samfunnsmessig gunstig å redusere lengda på høgspenteleidningane.

Sidan tilknyttinga til regionalnettet skal kome frå nord, har det vore avgrensa med alternativ. Etter nøye vurdering har Lede AS og ECX kome fram til at etablering av transformatorstasjonen på gras-/hestebanen på Molandsmoen er den mest tenlege løysinga.

Kommunedirektøren vurderer moglegheitene for ei god løysing for dagens brukar (Hugljufur Islandshestforening) som svært gode. Klubben har så langt vist stor vilje til å finne løysingar som gagnar alle partar. Det er likevel for tidleg å konkludere med konkret løysing og plassering – dette må utarbeidast i samråd med klubben i tida framover.

Konklusjon:

Kommunedirektøren peiker på at det finst få eigna alternativ for plassering av ein transformatorstasjon av denne storleiken i området der datasenteret er planlagt. Ein har tillit til at Lede AS og ECX har gjort ei grundig vurdering, basert på miljø- og samfunnsmessige omsyn. Difor stiller kommunedirektøren seg positiv til å avhende det aktuelle arealet.

Det må inngåast ei bindande avtale som både sikrar Hugljufur Islandshestforening sine interesser og frigjer det nødvendige arealet for ECX. Kommunedirektøren meiner det vedlagte avtaleutkastet gir eit godt rammeverk for ein endeleg avtale. Alle kostnader knytt til erstatning av dagens areal og fasilitetar må dekkjast av ECX.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret gir ordføraren fullmakt til å fullføre forhandlingar og sal av eigedom gnr./bnr. 38/33 og delar av 38/18, samt rett til å legge høgspentekablar og tilsvarande infrastruktur, i tråd med vedlagt kartgrunnlag til ECX.

Ordføraren får også fullmakt til å inngå avtale om erstatning for eksisterande areal, og slik leggje til rette for at Hugljufur Islandshestforening gir frå seg bruken av dagens areal på gnr./bnr. 38/33, basert på det vedlagte kontraktsforslaget.

Vedtaket er basera på at det blir tatt ein investering avgjerd på etablering av datasenter på Molandsmoen.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk